

## Renovasjon i fokus på ope møte

05.06.2007



SIM i arbeid på Neset (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det siste møte som Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling held før sommarferien set renovasjonen i bygda i fokus og det blir ope for alle.**

Det opplyser prosjektleiar Kristian O. Bringedal til uskedalen.no. Møtet blir halde med frammøte i skulen mandag 11. juni. Etter ein kort status-informasjon om prosjektet i det andre driftsåret tek ein fatt på hovud-temaet ut ifrå desse stikkorda:

- Bos- og glascontainaren i sentrum
- Renvivasjon for hyttefolket
- Renovasjon for båt- og campingturistar
- Renovasjon for andre – rasteplassane.

Hollund frå SIM blir med på møtet, som bør interessere alle i bygda fordi alle på ein eller annen måte er berørt av temaet.

Etterpå blir det synfaring og informasjon om det som er gjort på skulen sitt uteområde i det siste etter ein stor dugnadssinnsats. Her har det vorte ein fin møteplass til glede for heile bygda og rektor Vidar Haugland vil orientera.

Siste post på møteprogrammet denne gongen er vitjing i det nye mediasenteret Sydvest i den tidlegare Samyrkelagsbygningen og der er det initiativtakaren Ronny Lakselv som tek i mot.

Av Ola Matti Mathisen